



Jubelgutar i aksjon: Hans Gustav Mussland og Per Myklebust

Det tidlegare dansebandet Jubelgutta er igjen på stigande kurs sjølv om det var heilt attende på 1960-talet dei spela til dans så langt unna som i Øystese. Hans Gustav Mussland, Kristian Bringedal, Per og Reidar Myklebust stilte i ettermiddag opp til allsong i sjøkanten. Kwartetten hadde stor suksess ettersom det møtte fram rundt 70 og den 26. juli vert det eit nytt allsongtreff. Vil det lukkast å hanka inn enda fleire av dei som var med i bandet den gongen?

Topp-punktet denne gongen var den ualminneleg vakre songen Daltrekk og draum skrive av Olaf Agnar Gausvik til Gunnar Thuressons ikkje mindre vakre melodi til Flicka frå Backafall. Av uskedalssongane som det etterkvart har vorte fleire av er dette den finaste, tykkjer vi.

Et anna høgdepunkt var den ein kan kalla ein swing-avdeling frå 1960-talet der også trompetisten Per Myklebust fekk utfalda seg, med mellom andre Det var på Capri og WHEN THE SAINTS!

Per var debutant ved sjøkanten. Det var ikkje Hans Gustav, som briljerte på trekkspelet også denne gongen, særleg mot slutten. Han er også ein god forsangar. Og hvis det vert aktuelt å dela ut ein pris til Årets jubelgutt, fotener han den! Men den solide stammen er det Kristian og Reidar som utgjør.

Programmet vart runda av med songar av Johannes Kleppevik og han vert vel vestlendingane aldri lei?

Gausvik hadde sendt 3 av bøkene sine til arrangementet og dei vart tildelt Trygve Haugland, Åge Magne Nerhus og det tyske paret Elke og Werner Rheinwald som takk for trufast frammøte.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Dei kjem att i juli!



Det kom 70 for å synga ved sjøkanten denne gongen